




FYLKESMEISTERSKAPEN FOR UNGDOMSBEDRIFTER 2020 – VESTLAND NORD

GRUNNGJEVING FOR PRISEN BESTE STUDENTBEDRIFT

Jury: Øyvind Østrem, HVL. Kjetil Kvåle, Kunnskapsparken SF

Juryen si grunngjeving:

Vinnaren er: Placåbo SB, med konseptet Tiny House

Vinnaren i klassa årets studentbedrift kan vise til eit særst godt gjennomtenkt og dokumentert konsept. Dei viser til eit stort potensiale for produktet i den nasjonale marknaden, og til internasjonale trendar som viser det same. Dei synleggjer utfordringar, men peikar samstundes på løysingar. Dei viser at dei har kontroll på aktuelt gjeldande regelverk. Økonomiplan og gjennomføringsplan er godt dokumentert, og speglar ei realistisk vurdering av korleis verksemda kan utvikle seg vidare.

Teamet verkar å vere solid og utfyllande, noko dei og peikar på. Dei viser og til område der dei manglar kompetanse, og derfor må styrke seg. Dei er bevisst på å bygge viktige nettverk som skal hjelpe dei vidare i arbeidet med satsinga. Graden av innovasjon i prosjektet kan diskuterast, all den tid dei har etablerte konkurrentar i marknaden både nasjonalt og internasjonalt. Juryen meiner konseptet viser til høg grad av berekraft, då spesielt med tanke på å gi tilbod til ei gruppe menneske utan stor kjøpekraft i ein pressa marknad.

Bedrifta **Sognagrep** SB viser til eit bra gjennomarbeidd konsept, med eit produkt som har eit bra nasjonalt og internasjonalt potensiale. Dette synleggjer dei gjennom dokumentasjonen. Potensiale for inntening, med produksjon på dugnad, kan nok diskuterast, men her kan ein sjølvstekt utvide til meir industriell produksjon. Dette viser bedrifta og til i dokumentasjonen. Gjenbruksaspektet i produktet er flott, og sjølvstekt bra at noko av overskotet går til veldedig formål. Produktet er originalt og innovativt i den forstand at det blir laga med resirkulert materiale, der kjøpar kan vere med å sette sitt personlege preg på endeleg produkt.

Flott team, med mykje idealisme!!

